


Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200506987-7/520.TOO/KHKL

Bergen, 31. januar 2006

Nytt vedtak om høyringsuttale frå Hordaland Fylkeskommune

I brev til Kunnskapsdepartementet dagsett 18.januar 2006 vart det opplyst om vedtak i Opplærings- og helseutvalet i Hordaland Fylkeskommune den 10.januar 2006 om forslag til endringar i Opplæringslova – opplæring i helseinstitusjonar og barneverninstitusjonar. Fylkesutvalet i Hordaland Fylkeskommune behandla same sak 26.januar 2006. Fylkesutvalet sitt vedtak inneber eit tillegg til innstilling til vedtak, og vert difor med dette oversendt til Kunnskapsdepartementet. Høyringsuttale vart sendt Kunnskapsdepartementet i brev og elektronisk post 4.januar 2006, med forbehold om endringar ved politisk handsaming.

Vi vil med dette gjere merksam på at Fylkesutvalet vedtok følgjande i møte den 26.januar 2006:

VEDTAK

Fylkesutvalet rår til at alternativ 6 vert vedteke:
Kommunalt ansvar for grunnskoleopplæringa og fylkeskommunalt ansvar for vidaregåande opplæring i alle helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar.

Det må presiserast i lovteksten at det med bustadkommune/-fylkeskommune er meint den kommunen/fylkeskommunen der eleven er busett når det vert gjort vedtak om plassering i institusjon.

Fylkesutvalet vil beklaga at fylkeskommunen sine røynsler med å driva og ha ansvar for opplæring ved institusjonar, ikkje er kartlagde i denne samanhengen, og såleis ikkje ligg til grunn for vurderingane.


Svein-Erik Fjeld


Kjetil Helge Kleppstad